

Endeleg sommar! Solvarme kveldar, ljose netter, mildt regn og duftande blomsterenger. Slik som det spirer på mark og eng, gror det òg i festival-Norge på sommarstid med ein rik flora av tilbod frå kyst til fjell. I dette mangfaldet er det ei glede for styret i Kyrkjehola å kunne invitere til eit kulturbeite, frodigare og meir fargerikt enn nokon gong.

Føremål med programmet

- Kyrkjehola Kulturbeite har ambisjonar om å vere eit attraktivt utstillingsvindaug for eit breitt spekter av kreativ aktivitet. Det kulturelle tilbodet skal vere av høg kvalitet og femne om ulike sjangrar innan kunststartar som musikk, litteratur og biletkunst.
- Vi ønskjer å profilere profesjonelle kulturformidlarar med base i vårt eige distrikt.
- Vi ønskjer at dette kan medverke til ei positiv markering og synleggjering av Stordal som ein kulturkommune.

Førehandsbestilling av billetter på telefon 70 27 91 00, eller via e-post på vår heimeside <http://www.kyrkjehola.no>

Dei næraste vekene skal dei ærverdige husa i bygdetunet fyllast med musikk, bilete og ord - presentert av eit knippe av dei fremste kunstnarane og formidlarane våre. Sommarprogrammet 2006 har det meste; kammermusikk, visesong, korkunst, lyrikk, keramikk og historieformidling av beste merke.

Ønsket vårt er at KKB skal vere eit møtepunkt; for ulike formidlingsuttrykk, for nyskaping, for sterke opplevingar, for alle som vil ha eit løft i kvardagen.

Vi ønskjer deg hjarteleg velkommen!

Støtte frå offentlege instansar:



Hovudsponsor 2006:

Placement
u t v i k l i n g



STORDAL BYGDETUN

FORTIDSMINNEFORENINGA
Foreningen til Norske Fortidsminnemerker Bevaring




Rosekyrkja frå 1789.



Prestestova er bygd ca. 1850.



Løsetstova kjem som namnet seier frå garden Løset i Røysetdalen. Dette er ei typisk sunnmørsstove, som vart bygd på 1790-talet.



Stabburet kjem frå garden Busengdal og er bygd ca. 1750

Desse to bygningane er eigd av Fortidsminneforeninga.

KYRKJEHOLA KULTURBEITE STORDAL BYGDETUN


Ein fargesterk tråd i norsk historie

Historisk foredrag ved Berge Furre
ROSEKYRKJA TORSDAG 22. JUNI, KL 18.30



Berge Furre er ein av dei mest markante personane i norsk samfunnsliv – både som polititar, historikar og teolog. Furre er professor i historie og religion, tidlegare stortingsrepresentant og partileiar for SV, nestleiar i Nobelkomiteen, har gitt ut mange bøker og mottatt fleire prisar. Furre er ein kunnskapsrik person og nyt stor respekt i samfunnsdebatten. Han har ei fantastisk formidlingsevne og å lytte til Berge Furre sin velformulerte nynorsk, er ei oppleving i seg sjølv. I Rosekyrkja vil han ta oss med på ei interessant ferd gjennom Norges historie. Med vekt på dei folkelege rørsle: lekmannsrørsle, målsak og arbeidarrørsle, vil Furre vise korleis ideen om fellesskap og jamstilling har vore ei drivande kraft i samfunnsutviklinga. Det har vore ein fargesterk tråd gjennom vår historie at for store forskjellar mellom folk var overdig for samfunnet. Er denne tradisjonen sterk nok til å overleve i eit samfunn prega av stor rikdom, materialisme og individuelle løysingar?

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

To høvdingar i Norden

Lars Klevstrand syng Evert Taube og Erik Bye,
Med Audun Skorgen (bass) og Odd J. Overøye (piano)
ROSEKYRKJA LAURDAG 1. JULI, KL 19.30

Både Erik Bye og Evert Taube drøymde store draumar og reiste vide. Som få andre hadde dei evna til å omsette draumar og opplevingar til livsklok poesi. Skimrande hav, vakre kvardagsmenneske, kongeleg galanteri, barnleg glede, søt kjærleik og svart sorg - alle livet sine fasettar og fargar; formidla i tankar og tonar som har hørt ved djupe strenger i oss alle.


Sommaren 2002 skulle Erik Bye etter planen ha gjesta Kyrkjehola. Noko kom i vegen og ikkje lenge etter gjekk denne høvdingen i norsk åndsliv bort. Visekunstnaren Lars Klevstrand er i dag kanskje den viktigaste formidlaren av arven etter Erik Bye og har hausta strålende omtalar for sine tolkingar av visene hans.

Klevstrand er i seg sjølv ein nasjonalskald etter over 30 år på scenen, - som musikalarartist, programleiar i NRK, prislønna plateartist og opphavsmann til eit utal kabaretar og framsynningar. Også som Taube-tolkar står Lars Klevstrand i ei særklasse.



Jakob Sande & Jon Eikemo, trur eg...

Ei markering av 100-årsjubileet for Sande sin fødsel
Med Jon Eikemo og Aage Vaksdal (trekkspill og piano)
ROSEKYRKJA LAURDAG 8. JULI, KL 19.30



Sjeldan har vel eit kjærleiksforhold mellom dikteren sine ord og skodespelaren sitt talent vore så sterkt og nært som mellom Jakob Sande og Jon Eikemo. I Rosekyrkja er vi garantert ei teateroppleving av dei sjeldne. "... trur eg..." er den mest sette enkeltmannsframsyninga i Norge. Publikum og kritikarar landet over har vore frå seg av begeistring.

Når Jon Eikemo fyller kyrkjerommet med Sande sine "bautasteinar av ord", sit ikkje ein einaste tilhøyrar urørt igjen. Det er som om Sande og Eikemo står på same scena og fortel historiene - med ei stemme.

Jon Eikemo og Aage Vaksdal tar publikum med på ei opplevingsrik reise gjennom Sande sitt rike diktarlandskap, og viser dobbeltbotnen i vestlandsdikteren. Nytt og ukjent blir blanda med perler vi kjenner: "Kallen og katten", "Da Daniel drog", "Fløytelåt", "Likfunn" og "Etter ein rangel".

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Quartet Lavender


Internasjonal kammermusikk
ROSEKYRKJA LAURDAG 29. JULI, KL 19.00

Etter olsokmesse og utstillingsopning inviterer vi til internasjonal kammermusikkfest i Rosekyrkja med norsk/taiwanske Quartet Lavender. Ai-Ling Chiu (fiolin) og Samuel Skrede (cello) frå Ålesund strykekvartett har her alliert seg med to av dei fremste musikanane frå Taiwan; Chung-Ping Hsieh (fiolin) og Tomisawa Naoko (bratsj) - begge med omfattande solistkarrierer bak seg. Til Rosekyrkja kjem kvartetten direkte frå konsertar i Asia. Turnéen held fram i Norge med stopp i Ålesund, Sandane og Bergen. Med Mozart Kv 157 markerer ensemblet 250-årsjubileet for meisterens fødsel. Så fylger Beethoven; kvartett op 18 nr 4. Hovudverket blir Edvard Grieg sin store strykekvartett i g-moll. Dette dramatiske verket vart eit bindeledd inn i det 20. århundre sitt klangspråk og er av komponisten sjølv blitt omtala som "et stykke livshistorie.."



Keramikk og skulptur

Kunstutstilling i Kyrkjehola
Leon Roald
29. JULI – 10. AUGUST



Leon Roald har utdanning frå Noreg og Spania både innan keramikk og skulptur. Etter mange års opphald har han dei siste åra tatt opp att det spennande arbeidet med keramikk. Gamle fagtekniske erfaringar er vekt til live og knytt saman med nyare erfaringar innan skulptur og måleri. Skulpturarbeida hans femner om ulike formspråk: frå naturalisme i ulike studier og portrett, meir ekspresjonistiske uttrykk i somme frie arbeid, til sterkt abstraherte former slik dette gjerne kjem til syne i meir monumentale arbeid.

Han har atelieret sitt på Giske og har utført mange private og offentlege oppdrag samt halde ei rekke utstillingar. I tillegg til å vere svært allsidig i si yrkesutøving, har han og lang fartstid som lærar. Leon Roald har også gjort ei rekke utsmykkingar – m.a. den kjente bronseskulpturen "Bødtkeren" på Harald Torsviks plass i Ålesund. Utstillinga i Kyrkjehola vil vise fengslende eksempel på både keramikk og skulptur.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

SKRUK a cappella

ROSEKYRKJA FREDAG 4. AUGUST, KL 17.00 MERK TIDA!

SKRUK har vore ein spydspiss i norsk musikkliv gjennom meir enn tretti år. Varemerket er ein magisk korkklang og ei formidlingsevne som det går gjetord om langt ut over Norges grenser. Den karismatiske leiaren Prots har stadig nye og grensesprengande prosjekt på gang. Koret står bak artistsamarbeid over landegrenser, talrike urframføringar og over tjuv plateinnspelningar i regi av Kirkelig Kulturverksted. KK og SKRUK har gjennom fleire nyskapande prosjekt medvirka til ei revitalisering av den norske salmeskatten. Koret har også utmerka seg med stor internasjonal kontakflate og som eit musikalsk møtepunkt mellom ulike kulturar. Det har blitt gjennomført fleire turnear og kulturelle utviklingsprosjekt – m.a. i Sør-Amerika, Azerbadjan, USA, Midt-Austen og Skandinavia. Berre i Norge har koret halde over tusen konsertar. I Rosekyrkja blir det musikk frå korets store a cappella repertoar med tonar frå fleire verdsdelar – m.a. eit tingingsverk av vår eigen Odd Johan Overøye med tekst av 100-årsjubilanten Jakob Sande.



Haugtussa

Eit musikalsk og intenet møte med Garborg
Med Karoline Isaksen, Jo Inge Nes (perkusjon) og
Håvard Sveås (tangentar)
ROSEKYRKJA SØNDAG 13. AUGUST, KL 19.00



Arne Garborg skreiv Haugtussa for over hundre år sidan. Mange av tekstane i diktsyklusen er som skapte for å bli sungne og Ketil Bjørnstad har laga fantastisk musikk til.

Vi møter Veslemøy - Haugtussa - som sytten år gammal må tene til livsopphaldet som gjetarjente. Ho lengtar heim att, men ho treffer også ungguten Jo som ho vert så forelska i at ho gir han alt. Men han svik henne for ei anna jente og Veslemøy sørgjer så fælt at ho heldt på å misse forstanden. Dessutan er ho er synsk, og føler seg dregen mellom trolldomskreftene og gudstrua.

Moderne film blir brukt for å formidle Veslemøy sine draumar og tankar. Karoline Isaksen sin vakre song og sterke skodespel, samt Jo Inge Nes og Håvard Sveås sine musikalske prestasjonar, gir deg den sterkaste og meste stemningsfulle framføringa av Haugtussa du kan tenkje deg.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

"Omreisende malersvende og stadsmusikanter"

Rosekyrkja i eit kunsthistorisk og musikalsk perspektiv
Med Gunnar Danbolt og Erling With Aasgård
ROSEKYRKJA LAURDAG 19. AUGUST, KL 18.00



I det spesiellaga programmet for Kyrkjehola Kulturbeite er sjølv Rosekyrkja hovudtemaet. Med utgangspunkt i dette fantastiske kyrkjerommet vil Gunnar Danbolt forelese om bondebarokk og kyrkjekunst - akkompagnert på cembalo av ein av våre finaste kyrkjemusikarar: Erling With Aasgård, domorganist i Molde sidan 1997. Den viktigaste komponisten i programmet blir Johan Daniel Berlin - med yrkestittel "stadsmusikant, overbrannmester og vannverksinspektør m.m.."

Gunnar Danbolt er professor i europeisk kunsthistorie ved Universitetet i Bergen. Han har skrive ei rekke bøker og artiklar om måleri og skulptur frå historisk tid og om moderne kunst, kunsthåndverk og barnekultur. Han er mykje nytta som foredragshaldar, og er kjent for å snakke slik at folk skjønner kva kunsten dreiar seg om – t.d. i programmet Kunstreisen på P2. Han er ein meister i å engasjere og begeistre med kunnskap, idear og tankar.

